



Meir midlar trengs til å bekjempe Tromsøpalma/Kystbjønnkjeksken sjølv om mykje vart gjort i år.. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kommunen har no søkt om 3 280 000 kroner til SMIL- og NMSK-tiltak for 2008. I søknaden heiter det at løyvinga i år har utløyst stort lokalt engasjement i kommunen og at interessa for midlane har vore formidabel.**

**Også Uskedalen har vore tilgodesett og det heiter i søknaden at Uskedalen Utvikling har stor aktivitet og treng meir midlar. Her blir det vist til uskedalen.no**

Søknaden peikar på at UU har sett i gang eit prosjekt med å bekjempe Tromsøpalma og at ein skuleklasse er engasjert til å vera palmepoliti.

- Vi meiner det er viktig for kulturlandskapet å få bukt med denne planta. Lokalt engasjement bør absolutt premierast slik at dei får dekt direkte utgifter i samband med bekjempinga. Planta har etterkvart vorte eit problem fleire stader i kommunen, påpeiker saksbehandlar Tore Eik og skogbrukssjef Terje Natland.

Det vart løyvt 900.000 til NMSK og SMIL i Kvinnherad for dette året. Det kom inn 43 søknader med ein samla sum på 3,7 millionar kroner berre til SMIL og områdetiltak. Difor måtte dei avslå ein del gode søknader og det vart små summer til nokre av søkjarane. Med den store interessa det er for SMIL-ordninga i kommunen, er det stor trong for fleire midlar, held Eik og Natland fram.

I ei oppsummering av aktuelle prosjekt opplyser dei mellom anna at det er stor interesse for å ta vare på gamle, verneverdige bygningar og at interessa for å rydda beite og setja opp gjerde har vore aukande. Det er også fleire store tiltak med opprustning og vedlikehald av postvegane og andre mykje brukte turvegar.

Hogsten aukar, men det er stadig trong for nye vegar. Eik og Natland ber om at det vert teke omsyn til at vegbyggjing er ein fleirårleg aktivitet og strekar under at det er trong for forutsigelege ordningar der ein sannsynleggjer at det vert midlar i åra som kjem.

Ein vil videreføra "Rydd langs veg" og her er det stipulert trong for 100.000 kroner. Det er planlagt ein skogdag med Vegvesenet for å synleggjere korleis det kan gjerast mykje for lite midlar.

Eit område som ein vil bruke ein del midlar på framover er grunnundersøkingar og rasfarevurdering ved hogst av plantefelt i liane. I tida framover vil det bli hogd store volum med gran og mykje står i bratte liar. I åra som har gått sidan plantinga er det kome nye hus og andre installasjonar nedanfor plantefelta. Det må i mange tilfeller

29.10.2020

Uskedal Utvikling

byggjast vegar til desse og ein ønskjer å laga ein plan for rasfare ved kvart einskild anlegg. Her er det også stipulert trong for 100.000 kroner.

Av Ola Matti Mathisen